

---

**Fra:** Asbjørn Nagell Toft  
**Sendt:** 10. mars 2016 15:40  
**Til:** Olav Mongstad; Åshild Hope Herland; Torleiv Frotjold; Rolf Henning Myrmel; Asbjørn Nagell Toft  
**Emne:** Referat om møte om planlegging av barnehage på Kaland den 10. mars 2016

## **Referat om møte om planlegging av barnehage på Kaland den 10. mars 2016**

**Stad:** Kommunehuset frå kl. 13-14.15

**Til stades var:** Torleiv Frotjold, Asbjørn Nagell Toft, Rolf Henning Myrmel, Åshild Hope Herland og Olav Mongstad.

Dagsorden:

1. Referat som vart sendt ut den 17.02.2016 vart godkjent.
1. Status frå kommunestyremøtet den 25.02.2016 på Kaland vart gjennomgått. No har kommunestyret hatt synfaring i barnehagen og arbeidsgruppa har fått ein politisk avklaring her. Dei ynskjer at me skal utgreia vidare alternativ 1 og 2:
  1. Ny barnehage på kommunal grunn i Kaland- området.
  2. Nybygg til eksisterande barnehage og oppussing av eksisterande.
2. Planlegginga vidare av ein framtidretta barnehage på Kaland og stad vart drøfta. På kommunen sitt areal er Ekornsåta og området omkring Kaland skule er dei aktuelle områda for ny barnehage på kommunal grunn. Det vert for dyrt med infrastruktur (overgang og G/S veg) på Ekornsåta. Det er og støy her frå vegen. Arbeidsgruppa gjekk difor inn for å sjå på arealet søraust for Kaland skule/barnehage. Kraftleidning må vekk frå barnehageområdet. Støy må ein unngå frå Fv. 565 og Fv. 57. Sol er viktig i uteområde.

Arbeidsgruppa meinte at AK må utgreia ny infrastruktur (tilkomstveg/parkering) til alternativa 1 og 2, og ha med eit alternativ med å halda på eksisterande infrastruktur til pkt. 2. Dette må eit planleggingsfirma laga eit forprosjekt (A) på og laga ein kostnadskalkyle med alle desse tre alternativa med. Tidsaspektet må og med for desse tre alternativa. Det må lagast ei sak til formannskapet der det skal på plass eit forprosjekt (landskapsplan med kostnadskalkyle), reguleringsplan (B) og arkitektkonkurranse (C). Dette arbeidet må kjøpast av kvalifisert firma. Denne saka må opp i kommunestyret til endeleg avgjerd etter formannskapsmøtet. Etter at utgreiinga av alternativ A og B er gjort av eit av 5-6 firma som får spørsmål om å levera eit forprosjekt på under kr. 500.000 vert det utlysing på Doffin på pkt. C (arkitektkonkurranse).

Referansegruppa vert trekt inn når forprosjekt og reguleringsplan er under utarbeiding. Her kjem FAU, organisasjonane, plasstillitsvalde og verneombod med. Bygdemøte og folkemøte også i planprosessen. Involvering skal på plass. Byggenemnd vert oppretta når arkitektkonkurranse vert sett i gang. Referansegruppa vert invitert i viktige fasar i prosjektet.

3. Asbjørn Nagell Toft og Rolf Henning Myrmel lagar saman ei sak for formannskapet den 12. mai, det må vidare i kommunestyremøte den 26. mai. Dei samordnar det økonomiske i saka med Olav Mongstad. Han finn pengar.
4. Rolf Henning Myrmel legg fram ved hjelp av sin avdeling ein tilstandsrapport for Kaland barnehage (analyse) til møtet den 15 april 2016.
5. Neste møte tek me i arbeidsgruppa den 15 april 2016 på kommunehuset. Innkallinga tek Asbjørn Toft seg av.

Med venleg helsing

Asbjørn Nagell Toft  
Avdelingsleiar  
(56162141)